



Referat frå styremøte i Fyresdal Idrettslag 17.01.2016

Til stades: Espen Valseth, Elisabeth Taraldlien, Elisabeth Gasmann, Ann Merete Røed, Janne Teksle og Hege Rokseth

Forfall: Anne Mette

Referent: Hege Rokseth

Neste møte: årsmøtet 2015

Sakliste:

01/16 Godkjenning av innkalling og referat frå møtet 29/10-15

02/16 Orienteringssaker

- Sponsorkontraktar. Ingen undergrupper av FIL har myndigheit til signere sponsorkontraktar. Hovudstyret kan eventuelt gje fullmakt.
- Bankkonto – disponentar. Det er ikkje lov for kasserar å betale ei rekning aleine. Gjeld alle lag som er knytt til idrettsforbundet.

03/16 Økonomi / Rekneskap

- Kort gjennomgang frå kasserar. Fleire tilskudd frå kommunal sektor - 100 tusen i år. Ski- og barneidrett ligg høgare på utgiftssida. Løypekjøring på Veum var ekstra på 20tusen. Underskudd foreløpig kr. 8243,-. Ventar på inntekstføring av jolekalender.

04/16 Kort orientering frå gruppene

- Skigruppa. Startar 19.januar kl.18:00. Vanskeleg å få folk til å ta på seg oppgåver.
- Symjing. 30 medlem/symjarar. 5 A-symjarar som trenar 4 gonger/veke - skal på internasjonalt stemne i Kristiansand i mnd.skiftet jan./feb. 12 B-symjarar (2002-2005), 5 C-symjarar og 8 rekruttarar (yngste gjeng i 2.klasse nå, f.2008). Rekruttstemne med pizza helga 22.-24.januar. Klubbstemne 18.januar. Har bestilt jakker - ble veldig fine.
- Innebandy - 15 stk 16 år og oppover. Går veldig bra.
- Barneidrett. Snitt 15-18 stk kvar tysdag. Ikkje så mange 3.klassingar som er med. Mykje variera aktivitetar. Lett få undergruppene til å hjelpe til å bidra med aktivitetar. Varar fram til 1.mai. Opphald når skikarusell.

05/16 Forberedelse til årsmøte

- Gjennomgang av tilbakemeldingar frå valkomiteane.

- Fastsetje dato for årsmøtet. Må sendast minimum 1 mnd før årsmøtet. **Måndag 29.februar kl.18:00 i Veslesalen på Samfunnshuset.** Frist for innsending av årsmeldingar, rekneskap og budsjett er to veker i forkant, dvs 15.januar - GJERNE FØR
- Gjennomgang ny lovnorm for idrettslag. Vert oppdatera kvart fjerde år.
- Vurdere punkt på årsmøteagenda for å gje styret fullmakt til å arbeide med ny organisasjonsplan/struktur. Leiar informerar. Einstemming vedtatt at leiar lagar sak til årsmøtet.
- Medlemskontingent – Ny regel: Minimum kr 100,- pr medlem, sjølv om det er i eit familiemedlemskap. Dvs: ein familie på 5 må minimum betal kr 500,-. Må lage eigen sak til årsmøtet. Forslag til årsmøtet er 100 kroner pr medlem.

06/16 Ymse

- Medlem av styret i FIL bes respektere innkallingar til styremøte, sende vara dersom leiar ikkje kan møte og informere leiar av FIL dersom noko kjem i vegen for oppmøte.